


Skjåk kommune  
Vedtekter næringsfond  
Revisjon 2025

# Innovasjon og tradisjon



# Vedtekter næringsfond

## Innhald

§ 1 Føremål	3
§ 2 Krav til søknad	3
§ 3 Klageadgang	3

## Reglar

Kapittel 1 - Næringsføremål	5
Kapittel 2 - Landbruk	6
Kapittel 3 - Samfunnsutvikling	8
Kapittel 4 - Grøn omstilling	8

## Praktisk informasjon

Skjåk kommune gjev ikkje støtte til	9
Endring av vedtekter	9
Delegering	9

## § 1

### Føremål

---

«Gründerbygda med god energi»

*Målsetting: Næringsfondet skal bidra til å auke og trygge busetnaden i kommunen, støtte utviklinga av eksisterande bedrifter og legge til rette for nye arbeidsplassar. Fondet skal òg bidra til å utvikle eit attraktivt og inkluderande lokalsamfunn for alle.*

Næringsfondet skal ikkje nyttast til driftskostnader, men kan nyttast til kommunalt næringsarbeid. Det er eit krav at verksemda er lokalisert i Skjåk og/eller har hovuddelen av verksemda i Skjåk. Unntak kan gjerast dersom tiltaket har store positive ringverknadar for Skjåk eller regionen.

## § 2

### Krav til søknad og utbetaling

---

- Søknad skal fremjast før tiltaket blir sett i verk. Eventuelle unntak skal grunngjevast.
- Det skal søkjast om finansiering frå andre offentlege instansar før det blir søkt støtte frå Skjåk kommune sitt næringsfond. Samla offentlig støtte skal ikkje overskride gjeldande prosentvise maksimalsatsar for næringsfondet.
- Søknaden skal innehalde prosjektbeskriving, budsjett og finansieringsplan. Eige søknadsskjema skal nyttast.
- Dersom søknaden inneheld eigeninnsats, skal timesatsen for eige arbeid spesifiserast.
- Eigeninnsats kan utgjere inntil 20 % av den totale finansieringa i finansieringsplanen. Denne skal dokumenterast med førte timelister på eige skjema.
- Kommunen følgjer Innovasjon Norge sine satsar for eigeninnsats.
- Tilskot blir utbetalt etter at tiltaket er gjennomført og prosjektrekneskap/-rapport er levert.
- Ved tilskot over kr 30 000 kan tiltakshavar be om ei delutbetaling. Denne skal ikkje overstige prosentvis del av prosjektet som er gjennomført.
- Tilskot som ikkje blir nytta innan tre år etter utgangen av det kalenderåret løyvinga vart gjeven, skal krevjast attende. Fristen kan forlengast ved særlege grunnar.

## § 3

### Klageadgang

---

Vedtaket er eit enkeltvedtak som følgjer reglane i forvaltningslova og kan klagast på til Skjåk kommune. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen vedtaket vart motteke av adressaten.



# Reglar

---

- Kapittel 1 - Næringsføremål
- Kapittel 2 - Landbruk
- Kapittel 3 - Samfunnsutvikling
- Kapittel 4 - Grøn omstilling

*Den samla finansieringa frå fondet skal ikkje overstige 20 prosent av det totale kapitalbehovet for eit prosjekt.*

Ved særleg kostnadskevande og innovative tiltak, eller tiltak av særleg samfunnsmessig nytte, kan maksimalsatsen fråvikast.

## Investeringar

- Tilskotet er avgrensa til kr 750 000 til ei og same bedrift i etableringsfasen (over fem år).
- Bedrifter som har vore i drift i meir enn fem år og som søker på nytt, kan som hovudregel få tildelt maksimalt kr 350 000 i tilskot over ei ny femårsperiode.
- Bedrifter kan søkje om reinvestering på inntil 10 % av totalkostnad. Tilskot blir vurdert ut frå innovasjonsgrad, utviklingspotensial og normal nedskrivingstid.

## Bedriftsutvikling

Du kan søkje om tilskot til:

- Bedriftsutvikling, inkludert utvikling av nye produkt og nye marknader.
- Kompetansehevande tiltak som bedrifta er pålagt, som er nødvendige for rekruttering, eller som er knytt til nye marknader og produktutvikling.
- Internship/traineeordningar med mål om å styrke tilgangen på kompetent arbeidskraft i Skjåk.
- Forskings- og innovasjonsprosjekt som styrker næringslivet og lokalsamfunnet i Skjåk.

## Etablerarstipend

- Førstegongsetablerarar som ønskjer å etablere seg i Skjåk, kan søkje om etablerarstipend på inntil kr 200 000. Stipendet blir vurdert ut frå sysselsettingseffekt målt i årsverk.
- Søknaden skal innehalde ein realistisk forretningsplan med budsjett og finansieringsplan.
- Stipendet blir utbetalt over tre år: 50 % første året, 25 % andre året og 25 % tredje året. Før utbetaling andre og tredje året skal det leggjast fram ein rapport som dokumenterer aktivitet og inneheld rekneskap for verksemda.
- Dersom verksemda blir flytta ut av kommunen i støtteperioden, må ein rekne med avkorting av stipendet.
- Som nyetablering blir ikkje rekna utskiljing frå etablert bedrift, oppskalering, nye produkt, ny marknad eller flytting av bedrift til Skjåk.
- Nyetableringar skal ha nytt innhald og nytt organisasjonsnummer. Ved eigarskifte som medfører større omlegging av drifta eller særskilte behov for oppstartskapital, kan det etter ei konkret vurdering bli gjeve etablerarstipend.
- Ei bedrift blir rekna som nyetablert i to år frå registreringsdato i Føretaksregisteret.
- Ordninga har ei forventning om sysselsettingseffekt, og tilskotet blir utmålt etter følgjande prinsipp:

≤ 0,5 årsverk: 100 000 kroner > 0,5 årsverk: 200 000 kroner

## Vatningsanlegg

Tilskot kan innvilgast til oppgradering av vatningsanlegg. I tilskotsgrunnlaget kan det godkjennast kostnader til fast leidningsnett, pumpeanlegg, damanlegg og framføring av elektrisk kraft til pumpe.

- Overflateutstyr, som til dømes vatningsvogn, blir ikkje godkjent som del av kostnadsoverslaget.
- Prosjekt som berre omfattar utskifting av pumpe og motor, gjev ikkje grunnlag for tilskot.
- Utskifting av pumpe kan vere grunnlag for reinvestering.

## Nydyrking

Tilskot kan innvilgast til nydyrking av jord på gardsbruk med over ti dekar jordbruksareal. Tilskotet kan utgjere inntil kr 5 000 per dekar fulldyrka areal. Tiltaket må vere godkjent av kommunen.

## Driftsbygningar

Tilskot kan innvilgast til delfinansiering av driftsbygningar i jordbruket. Søknaden må vere utforma slik at tiltaket fell inn under regelverket for *investerings- og bedriftsutviklingsmidlar i landbruket (IBU)*, men likevel ikkje får støtte frå IBU-ordninga.

Det er følgjande krav til investeringa:

- Nybygg/utviding/ombygging, modernisering, eller dersom bygget er over 25 år.
- Nybygg/utviding/ombygging, modernisering, eller dersom teknisk anlegg er over 20 år.
- Investeringa må ha ein kostnad på minst kr 200 000.

Kostnadsoverslaget kan omfatte fastmonterte driftsmiddel.

Tiltak av vedlikehaldsprega karakter blir ikkje prioritert.

## Kjøp av mjølkekvote

Kjøp av mjølkekvote til eige bruk kan gje grunnlag for tilskot på inntil 10 % av kjøpesummen.

## Miljøtiltak i landbruket

Tilskot kan innvilgast til tiltak som bidreg til eit meir klima- og miljøvennleg landbruk. Aktuelle tiltak kan vere bygging av plansilo, høytørke med meir.

Føretak med aktiv beitedrift kan søkje om tilskot til virtuelle gjerde (innkjøp av klavar).

## Bygging av skogsvegar

Tilskot kan innvilgast til nybygging og ombygging av eksisterande skogsvegar.

Vilkår:

- Ved ombygging skal standarden hevast med minst éi vegklasse.
- Tilskotet gjeld berre privatskogbruket.
- Vegplanen må vere utarbeidd av fagfolk og godkjent av kommunen før søknad kan sendast.
- Vegen skal byggjast i samsvar med «Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse» utgjeve av Landbruksdepartementet i 1997.
- Minste kostnadsgrunnlag for å få tilskot er kr 30 000.
- Det kan innvilgast tilskot på inntil 20 % av godkjent kostnadsoverslag.
- Felles veganlegg blir prioriterte. Enkeltanlegg får ikkje tilskot dersom felles veganlegg er mogleg.
- Eit eventuelt statstilskot (NMSK) blir trekt frå det kommunale tilskotet.
- Tilskotet blir utbetalt etter at vegen er godkjent av kommunen og kostnadane er dokumenterte.
- Miljøkrav etter skogbrukslova og forskrifter skal følgjast.
- Vegeigar skal halde vedlikehald i minst 25 år.
- Tilskotet kan krevjast tilbakebetalt dersom vilkåra ikkje blir oppfylte.

## Skogkultur

Tilskot til ungskogpleie i hogstklasse 2: inntil 70 % av kostnadane. Tiltaket skal førehandsgodkjennast av kommunen, og samla offentleg tilskot skal ikkje overstige 70 %. Tiltaket må følgje PEFC skogstandard.

Tilskot til førehandsrydding: inntil 70 % av kostnadane. Tiltaket skal førehandsgodkjennast av kommunen og må følgje PEFC skogstandard.

Tilskot til skogkultur gjeld berre privatskogbruket.

## 3

### Kapittel 3 - Samfunnsutvikling

Næringsfondet kan nyttast til utviklingstiltak som kjem lokalsamfunnet til gode. Tiltaka skal ha tydeleg allmenn nytteverdi og bidra til aktivitet, attraktivitet, busetnad eller samarbeid i lokalsamfunnet.

Du kan søkje om støtte til:

- Kommunale eller regionale prosjekt som bidreg til auka omdøme og attraktivitet.
- Inkluderings- og tilflyttingsarbeid.
- Ungt entreprenørskap, til dømes tilskot til elev- og ungdomsbedrifter.
- Fellestiltak som gjev positive ringverknadar for næringslivet.

## 4

### Kapittel 4 - Grøn omstilling


Næringsfondet kan nyttast til tiltak som fremjar grøn omstilling og berekraftig utvikling i lokalsamfunnet.

Du kan søkje om støtte til:

- Miljøsertifisering: Tilskot på inntil kr 20 000, maksimalt 50 % av dokumenterte kostnader. Resertifisering blir ikkje støtta.
- Skredfarevurdering: Tilskotet er avgrensa til 20 % eller maksimalt kr 50 000. Dersom tiltaket gjeld fleire bustadar, bedrifter eller større areal, kan tilskotssatsen bli auka.
- Dekking av eigenandel/distriktsandel ved flaum- og rassikring: Tiltaket må vere godkjent av NVE, og det må vere gjeve betydeleg støtte frå NVE. Tilskot frå Skjåk kommune skal ikkje overstige 10 % av totalkostnadane i sikringsprosjektet, og makssum skal ikkje overstige ordinære støttesatsar for næringsfondet.
- Klimasmarte tiltak: Tiltak med klare positive klimaeffekter kan støttast med inntil 30 % i tilskot. Samarbeid mellom fleire bedrifter kan gje høgare støttesats.
- Enøk-tiltak for eigedomar med fleire bustadeiningar:
  - **Planlegging og prosjektering:** inntil kr 25 000.
  - **Gjennomføring:** inntil kr 100 000 for utleigeobjekt (krav om minst 5 års utleige dokumentert med langtidskontrakt).
  - Det er ein føresetnad at Enova eller tilsvarand støtteordningnar er søkt før kommunen behandlar søknaden.



# Praktisk informasjon



## Skjåk kommune gjev ikkje tilskot til følgjande formål:

- Kjøp av eigedom.
- Kjøp av verksemder.
- Anskaffing av varelager og investering i lett omsettelege varer.
- Drift av verksemder.
- Kjøp, leasing eller vedlikehald av motoriserte kjøretøy, datamaskin, nettbrett, mobiltelefonar eller tilsvarande utstyr.
- Tiltak som er av vedlikehaldsmessig karakter.
- Kjøp av aksjer eller utlån av midlar.

## Endring av vedtekter

Vedtektene kan endrast ved vedtak i kommunestyret.

## Delegering

- Administrativt: < kr 50 000
- Hovudutvalet for miljø- og samfunnsutvikling: ≤ kr 150 000
- Formannskapet: ≤ kr 300 000
- Kommunestyret: > kr 300 000
- Dispensasjonsvedtak skal grunngjevast og handsamast av formannskapet.



Foto: Jarle Hvitsten

